



Saksbehandlar: Endre Høgalmen, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/8674-36

## **Handlingsplan cruise-strategi**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg framlegget til handlingsplan for iverksetjing av cruisestrategien for Vestlandsfylka.

**Vedlegg:**

1. Handlingsplan for cruise – framlegg som grunnlag for politisk behandling i Vestlandsfylka
2. Høyringsinnspele

**Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Vestlandsrådet vedtok i november 2016 ein cruise-strategi for Vestlandsfylka. Det vart i 2017 laga eit utkast til handlingsplan, og denne syner tiltak for å få sett i verk strategien. Høyringsutkastet vart handsama av Vestlandsrådet 25.oktober i fjor, og deretter sendt på høyring. Dei fire samarbeidande fylkeskommunane har vurdert høyringsinnspele og utforma ein justert handlingsplan som grunnlag for politisk behandling i kvar fylkeskommunane. Etter politisk behandling i kvart av fylka vert handlingsplanen endeleg vedteken av Vestlandsrådet i møte 7.juni.

Handlingsplanen femnar om dei to viktigaste innsatsområda innan cruise

- Klima og miljø
- Auka verdiskaping på land.

Med ein venta vekst i framtidig cruisetrafikk må vi setje inn tiltak for å ta vare på natur, miljø og samfunna våre, og klima og miljø er følgjeleg eit særskilt viktig innsatsområde. Auka trafikk er eit godt høve til å styrke innteninga i cruiserelatert verksemd på land, noko som skaper arbeidsplassar og inntening som kan vidareutvikle reiselivstilboda våre.

På desse to innsatsområda syner handlingsplanen ei rekke tiltak. Fylkeskommunane og Vestlandsrådet har avgrensa handlingsrom til å gjennomføre tiltak innan cruise, og mange av tiltaka ber preg av å påverke aktuelle aktørar til å ta grep.

Som ein del av arbeidet med handlingsplanen har ein hatt samtaler med sentrale aktørar som arbeider med cruise. Ein har også hatt nytte av høyringsinnspele som kom inn i samband med høyring av sjølve cruise-strategien i 2016. Dei seinaste høyringsinnspele er no innarbeidde.

### **2. Bakgrunn**

## **Stor auke i cruise-trafikken**

Cruisetrafikken til Vestlandsregionen har auka kraftig dei siste åra og er ein viktig del av den samla reiselivsnæringa på Vestlandet. Om lag 70 prosent av all cruisetrafikk i Norge skjer i dei fire fylka. Det er i alt 17 cruisehamner på Vestlandet med store variasjonar både i talet på anløp og storleik på skip. Spennet varierer frå Bergen som er Norges største cruisehamn, til nokre av dei minst nytta cruisehamnene i landet. Dei 17 hamnene er registrerte som aksjonærar i Cruise Norway. I tillegg er det nokre mindre hamner som ikkje er med i Cruise Norway og som har færre anløp.

I følge ei prognose utarbeidd av Transportøkonomisk Institutt, kan talet på cruiseturistar doblast mot 2041 (Dybedal, Farstad, Winther & Landa-Mata, 2015). Frå 2015 til 2017 auka talet på dagspassasjerar med om lag 28 prosent. Dette er dei høgaste tala som er registrerte innan cruise både i Norge og i Vestlandsregionen. Det er derfor viktig å få fram berekraftige løysingar som gjer at vi framleis har eit reint og godt reiselivsprodukt å selje, og at vi framleis har lokalsamfunn som er attraktive både for fastbuande og besökande.

Det er mange moglegheiter knytt til auken i cruisetrafikken. Samstundes fører auken med seg ein del utfordringar. Ei av utfordringane er knytt til utsleppa frå cruiseskipa medan dei ligg til kai, der både luft- og vassforureining kan vere eit problem. Det er også utfordringar knytt til å auke verdiskapinga og betre lønsemda for reiselivsbedrifter som leverer til cruiseindustrien. Det er ønskeleg at fleire reiselivsbedrifter kan levere aktivitetar og opplevelingar til cruiseindustrien.

Reiselivsdimensjonen har vore viktigaste innfallsvinkelen i arbeidet med cruisestrategien og handlingsplanen. Leverandørindustrien til cruisenæringa, som mellom anna verftsindustrien, har ikkje hatt same merksemd. Dette nemner vi spesielt fordi to av høyringsinnspela kjem frå interesseorganisasjonar til desse næringane.

## **3. Saksopplysningar**

### **Om saka**

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet har utarbeidd ein felles cruisestrategi for regionen, «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020». Denne vart vedteken av Vestlandsrådet 10.11. 2016. Formålet med strategien er å støtte opp om visjonen i den overordna reiselivsstrategien for Vestlandet, og å arbeide med problemstillingar knytt til cruiseturisme. Dette gjennom klare og målretta strategiar for vidare utvikling av cruise som ein del av reiselivsnæringa i landsdelen.

### **Visjon og mål**

Visjonen i reiselivsstrategien for Vestlandet er:

*«Det mest berekraftige reisemålet i Europa, basert på lønsame og tilgjengelege naturopplevelingar».*

Hovudmålet for cruisestrategien er:

*«Cruiseturismen i Vestlandsregionen skal utviklast som ein del av reiselivsnæringa på ein berekraftig måte, slik at ein tek vare på natur, kultur og miljø. Cruiseturismen skal bidra til auka lokal verdiskaping og lønsemrd i regionen».*

Målet skal nåast gjennom fleire delmål og strategiar. Vestlandsrådet bad om at det vart utarbeidd ein handlingsplan for å nå måla i cruisestrategien.

Cruisestrategien for Vestlandet inneheld fire innsatsområde:

- Verdiskaping
- Miljø og klima
- Produktutvikling
- Generelle strategiar

Auken i cruisetrafikken gjer at vi må setje inn tiltak for å ta vare på naturen, miljøet og samfunna våre. Auka trafikk kan nyttast til å styrke innteninga i cruiserelatert verksemrd på land, å skape arbeidsplassar og auka verdiskaping hos næringsaktørane. Med bakgrunn i dette er «Miljø og klima» og «Verdiskaping» dei to viktigaste innsatsområda ein har valt å prioritere no. Det vil på eit seinare tidspunkt bli vurdert å lage ein handlingsplan som også femnar om andre innsatsområde.

Handlingsplanen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe samansett av reiselivsmedarbeidarane i fylkeskommunane og konsulent Trond Amland frå 2469 Reiselivsutvikling AS. Dei administrativt næringsansvarlege i fylkeskommunane på Vestlandet har vore styringsgruppe for arbeidet.

Tidleg i arbeidet med handlingsplanen kom Sjøfartsdirektoratet med ein rapport om utslepp i luft og sjø frå skipsfart i fjordområde med stor cruisetrafikk. Rapporten gjev verdifull informasjon som arbeidsgruppa har nytt seg av i arbeidet med handlingsplanen.

### **Innvolving og forankring - høyring**

Eit viktig prinsipp i utarbeiding av cruisestrategien har vore innvolving og forankring hos næringsaktørane i regionen. Det har vore ein open prosess med høve til å kome med innspel til prosessen og til cruisestrategien. Det vart arrangert ein open innspelskonferanse i kvart fylke med bra deltaking frå næringa. I oppstarten av arbeidet med handlingsplanen vart det også gjennomført samtalar med utvalde aktørar som arbeider med cruise, t.d. IN, destinasjonsselskap, Cruise Norway og hamnevesen.

Då cruisestrategien vart utarbeidd, gikk ein breitt ut for å få inn innspel til arbeidet. Ein del av innspela som kom inn bar preg av å vere tiltaksretta og desse er vurderte i samband med utarbeiding av handlingsplanen.

Utkast til handlingsplan vart behandla i Vestlandsrådet 25.oktober 2017. I november 2017 vart planen sendt ut på høyring, m.a. til kommunar, hamnevesen, reiselivsaktørar og destinasjonselskap. Høyringsfristen var 2.januar 2018 og til saman kom det inn 27 høyringsinnspel.

Høyringsinnspela er samanstilt i vedlagde «Cruisestrategi for Vestlandet. Høyringsrapport, innspel til Handlingsplan. 2018». Vi har valt å ta med dei fullstendige høyringsinnspela for å unngå tolking og misforståing av bodskapen frå avsendar.

### **Handlingsplanen – regionen samla sett**

Handlingsplanen har som mål å konkretisere innsatsområda i cruisestrategien for å gjere miljø og klima knytt til cruise mindre sårbart. Det er også ein uttalt ambisjon å auke verdiskapinga for den landbaserte reiselivsnæringa. Dette er utfordrande. Vestlandet har store variasjonar på dei ulike reisemåla både når det gjeld storleik på reisemåla, tal cruiseanløp, tal cruisepassasjerar, infrastruktur og logistikklosningar. Det er også store skilnader mellom reisemål i dei større byane og i mindre lokalsamfunn. Dei ulike reisemåla står overfor ulike utfordringar og moglegheiter. I tillegg er det store variasjonar i kor stor del cruise utgjer av det samla reiselivet i området. Desse elementa er viktige å ha med seg ved gjennomgangen av handlingsplanen, der vi har konsentrert oss om område der regionen samla sett kan setje i verk tiltak.

Formålet med handlingsplanen er å optimalisere verdiskapingseffekten av cruisebesøkande til regionen og å påverke utviklinga i ei berekraftig retning.

Handlingsplanen er delt inn i dei to innsatsområda «Verdiskaping» og «Miljø og klima». Handlingsplanen konkretiserer mål, delmål, strategiar og tiltak. For kvart av tiltaka er det gjort greie for innhald, forslag til kven som er ansvarleg og kven arbeidsgruppa foreslår som naturlege samarbeidspartnarar. I botnen av strategien ligg eit mål om berekraftig utvikling av cruiseturismen, og at denne utviklinga skjer ut frå oppdatert kunnskap og kompetanse.

Handlingsplanen har konkretisert elleve tiltak under innsatsområde «Miljø og klima» og fem tiltak under innsatsområde «Verdiskaping». Tiltaka er prioriterte etter skalaen 1 - 3 som indikerer prioritering i tid. Skalaen er ikkje uttrykk for kor viktig tiltaket er.

Fylkeskommunane og Vestlandsrådet har avgrensa handlingsrom til å gjennomføre tiltak innan cruise, og mange av tiltaka ber preg av å påverke aktuelle aktørar. Der det ikkje er mogleg å utføre tiltaka innanfor fylkeskommunane sitt handlingsrom, har vi foreslått andre aktørar. Fylkeskommunane har likevel ei viktig rolle som pådrivar og initiativtakar for å sikre forankring av arbeidet og å støtte opp under godt arbeid. Målet om at Vestlandsregionen skal vere internasjonalt leiande på berekraftig cruiseturisme forpliktar. I arbeidet er UNWTO sine ti prinsipp for berekraftig reiseliv lagt til grunn. Desse prinsippa vil vere ei rettesnor ved iverksettinga av handlingsplanen.

### **Innsatsområde miljø og klima**

Miljø og klima blir særleg trekt fram når cruise blir omtalt i media, ofte med eit kritisk eller negativt forteikn. Utslepp i luft og fjord er eit problem, noko rapporten frå Sjøfartsdirektoratet også peikar på. Bortsett frå denne rapporten med målingar av utslepp og forureining frå tre konkrete fjordar er det mangel på fakta og kunnskap om kor stort dette problemet er. Behovet for tiltak er aukande, men dette må vere basert på oppdatert og relevant kunnskap. Difor vil nokre av

tiltaka under miljø og klima handle om å innhente kunnskap og sette dette i system slik at ein kan følgje opp over tid. Andre tiltak går i retning av å ta initiativ, oppmøde og å påverke.

Vi registrerer at delar av cruisenæringa blir meir miljøvennleg. Nye skip blir bygd med ikkje-fossil energibruk, ny teknologi blir utvikla og cruisenæringa tek sjølv ansvar for å finne miljøvennlege løysingar. Utviklinga skjer så fort at merksemda i handlingsplanen må vere på kva målet skal vere og kva ein ønskjer å oppnå framfor å konkludere med kva metode og teknisk løysing som er best. Forslag til teknologiløysingar er difor ikkje nemnt spesielt, men det bør utgreiast om det er mest hensiktsmessig å leggje til rette for landstraum eller anna ikkje-fossil energibruk. Landstraum vil berre ha effekt i hamn, medan andre former for energi også vil ha effekt medan skipet er i fart.

### **Innsatsområde verdiskaping**

Cruiseturismen skal bidra til auka lokal verdiskaping og lønsemd i regionen gjennom konkrete tiltak. For å oppnå dette er samarbeid mellom aktørane i cruisenæringa og i landbasert reiseliv ein føresetnad. Grad av samarbeid og kommunikasjon mellom cruiseindustrien og landbasert reiseliv varierer på dei ulike destinasjonane, slik også innspela til cruisestrategien viser. Cruisenæringa krev høg kvalitet på produkta som skal leverast til cruisebestjene. Dette krev kompetanseheving og opplæring av den landbaserte næringa, slik at dei kan imøtekome krava frå cruiseselskapa.

Det ligg også eit uforløyst potensiale i å servere lokal mat om bord i cruiseskipa. Dette gjer ein t.d. på Hurtigruta. Dersom ein kan lukkast med dette, vil det gi positive ringverknader også til landbruket og til småskala matprodusentar som kan få fleire kanalar for sal.

### **Innspel til handlingsplanen, høyningsuttalar og behandling av desse**

Då sjølve cruisestrategien var ute på høyring kom det innspel som gjekk i retning av å vere tiltak. Nokre av desse er vurderte i samband med utarbeiding av handlingsplanen.

I forkant av arbeidet med handlingsplanen vart fleire aktørar inviterte til å kome med innspel. Fleire av innspela her gjekk på at det var behov for å klargjere kven som eig og har ansvar for oppfølging av handlingsplanen. Dette er presisert i handlingsplanen ved å legge inn forslag til kven som er ansvarleg og kven som er naturlege samarbeidspartnarar.

I arbeidet med handlingsplanen har vi bede eit breitt utval av aktørar om å kome med innspel, og har motteke 27 høyingsinnspel. Det er fleire som har påpeika at 2018–20 er for kort tidshorisont for handlingsplanen. Årsaka til denne tidshorisonten er at vedteken cruisestrategi gjeld for 2016 – 2020. Dette inneber ikkje at tiltak som er skildra i handlingsplanen ikkje vil bli sett i verk etter 2020. Arbeid med tiltak inn mot cruisenæringa vil, på lik linje med anna reiselivsutvikling, vere eit kontinuerleg arbeid.

Cruisenæringa er ein viktig bidragsyter til verdiskapinga i mange norske hamner. Prognosane for cruisetrafikken viser at veksten i denne delen av reiselivsnæringa vil halde fram. Omsynet til miljø og klima, og til vår felles merkevare «Fjord Norge» er av ein slik art at det er naturleg og nødvendig med eit regionalt overblikk og felles mål gjennom ein felles handlingsplan for utvikling av cruise på Vestlandet.

Handlingsplan Cruisestrategi for Vestlandet skal behandles politisk i dei fire Vestlandsfylka før den skal til behandling i Vestlandsrådet 7.juni.

## **4. Vurderingar**

I ei tid med sterkt aukande cruisetrafikk må det etter fylkesrådmannen si vurdering setjast i verk tiltak for å ta vare på natur, miljø og samfunna våre. Auka trafikk er eit godt høve til å styrke innteninga i cruiserelatert verksemrd på land. Fylkesrådmannen konstaterer at dei fire samarbeidande fylkeskommunane har utarbeidd ein handlingsplan som er eit godt grunnlag for gjennomføring av cruisestrategien for Vestlandsfylka. Og handlingsplanen eit godt grunnlag for Vestlandsrådet si sluttbehandling i juni.

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg framleggjet til handlingsplan for iverksetjing av cruisestrategien for Vestlandsfylka.